# Preikestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL, STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN

NR.2, JUNI 2022. 83. ÅRG.



Preikestolen

**Adresse:**
Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 4. oktober
Frist for innlevering av
stoff er 26. august

**Redaksjon:**
Redaktør Olav Frantzen
Tlf. 977 55 271
olav.frantzen1@lyse.net

Liv Åse Gaard
Yvonne Langeland Meltveit
John N. Nessa
Haldis Karine Nilsen
Siv Fossan
Reidunn Ferstad
Kristoffer Nåden Havn
Anne Brit Hatleskog

**Kyrkja sin kontaktperson:**
Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Preikestolen i
postkassen, kan de ta kontakt
med eitt av kyrkjekontora.
Sjå tlf. nr. s. 26.

Frivillig abonnementspris
pr. år: 250 kr i Hjelmeland,
Strand og Forsand.
Alle utanbygds abonnentar
må betala 250 kr for bladet.

Bankgiro:3205.30.06158
eller Vipps på Preikestolen
kyrkjeblad, eller vipps-
nummer 105004.

**Grafisk formgjeving:**
Marton L Fiskå
post@mfdesign.no

**Trykk:** Kai Hansen Trykkeri
Opplag: 7400

**Framsidefoto:**
Konsert med Øklands i Årdal kyrkje
Foto: Olav Frantzen

# Innhald nr. 5-2021:

Vårens vakraste eventyr....Side 3
Min salme....Side 3
Gei Arve slutter av....Side 4
Frivillige i kyrkja....Side 6
En stor flamme starter med en ite gnist....Side 9
Det nye folkeevangeliet og Hauge arven....Side 10
Altertavlen i Strand kirke....Side 12
Temakvelder med låg terskel....Side 15
Me kjenner oss velkomne....Side 16
Siri + Roy = sant....Side 18
Kva skal ein tru?....Side 20



## Velsigna vere dei frivillige!

I dette nummeret av Preikestolen har me ekstra fokus på det å vera ein frivillig medarbeidar. I kyrkjelydane våre er det sikkert minst 200 slike, og mange av dykk som les dette, har vore frivillig i kyrkje eller kristne organisasjonar i årevis. Eg er sikker på at det hadde du ikkje vore dersom du ikkje opplever det som givande, verdifullt, meiningsfullt, eller rett og slett at du vert velsigna av å stå i denne tenesta.

I den norske kyrkja er det kanskje femten gonger fleire frivillige (ca. 75000) enn tilsette (ca. 5000). Det går ikkje an å tenkja seg ei levande folkekyrkje utan eit stort korps av menneske som er villige til å bruka av si fritid til å gjera ein innsats – ikkje fordi dei må, men fordi dei vil. Det handlar om å ta ansvar, om å følgja kallet, om å gje av seg sjølv, men sanneleg også om å få noko tilbake, og å kjenna på glede og velsigning saman med andre, uansett kva oppgåve du har tatt på deg. Han som bakar bollar til 6-åringane i dåpsskulen er like viktig som ho som er aktiv medhjelpar i gudstenesta eller går på besøk til folk som er i sorg.

Å vera frivillig i kyrkja er å delta i eit fellesskap der makt, status, pengar og prestisje er framandord. Det er eit fellesskap basert på eit ønskje om å dela den gode bodskapen med alle som vil høyra, men også lyst og vilje til å skapa trivsel og positiv utvikling. Takk for den tenesta du gjer!

Herren velsigne deg og vare deg! Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig! Herren løfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred!

*Olav Frantzen*



# Vårens vakraste eventyr

Andakt ved Ludvig Bjerkreim, fung. sokneprest Jørpeland

Livet er mest intenst i mai og juni. Naturen vaknar til liv etter vinteren og vi opplever ein eksplosjon av lydar, lukt og fargar. Når lukta av våren fyller oss, kjennest det nokre gonger intenst like i det innerste av oss.
Men mai og juni har meir å by på:

**KONFIRMASJON**
Vi vil gjerne feire desse 14-15-åringane som er i startgropa av livet, klare til å skyte fart. Vi ber og arbeidar for at dei skal ha fått med seg noko av Jesustrua frå kyrkja, noko som dei vil halde fast på gjennom livet. Den beste ballasten er barnetrua.

**17. MAI**
Vi takkar Herren Gud for land, folk og fridom. Det må vere lov å feire landet vårt og heise flagget med stoltheit, utan å bli kalla for nasjonalist. I år fekk nasjonaldagen ein ekstra dimensjon med krig i Europa. Vi skulle ikkje tru at det var mogeleg at våpena enno ein gong skulle tale sterkare enn diplomati og sunn fornuft.
Med dette bakteppet har me mykje å takke for, og noko å kjempe for framleis.Vi takkar for land og fridom. Vi takkar for folket og flagget.

**BRYLLUP**
Våren og sumaren er tida for forelsking og sterke følelsar. Mange feirar bryllup.
Vi gler oss over alle som brukar kyrkjene våre til kyrkjeleg bryllupsfest.
Vi ber: Herre velsign alle som bekreftar forholdet sitt gjennom vigselen.

**FERIE OG KREFTER TIL NY HAUST**
Våren og sommaren er ei flott tid. I vårens vakraste eventyr ser vi Den norske folkekyrkja på sitt beste. Vi er stolte av Jesustrua, løftar flagget høgt og vil framleis vere ei sann og levande kyrkje for folket, nær folket.

## Min salme



Rita Sørensen

Songen «Ein fin liten blome» har følgt meg gjennom det meste av livet, frå eg starta i skulekor som 7-åring og til eg etter kvart tok til å opptre åleine. Som liten tolkar du gjerne forteljinga om blomen bokstaveleg, men med åra forstår du at songen talar klokt og djupt om livet. Og dette er eit liv som er så gjenkjenneleg for meg.

Sjølve bildet, med blomen i skogen, er veldig talande. Å ferdast i naturen gir meg så mykje. Der kan ein sjå dei flottaste vekstar, også i skuggedalane om ein ser etter. Men som menneske gløymer vi ofte verdien av skuggedalen. For vi er så altfor flinke til å samanlikne oss med andre og å framstå som perfekte. Og rundt oss finst det gjerne mange som vil meine mykje om kven eller kva du er, ofte basert på ytre ting. Men gjennom alt dette: Trua kan ingen ta i frå deg.

Alle er vi like mykje verd, sjølv om ikkje alle blomstrar like mykje. Anten vi kjenner oss i skuggedalen, midt i ein storm eller rett og slett ikkje har lyst til å stikke oss fram, så har vi uansett uendeleg verdi for Gud.

Ein fin liten blome i skogen eg ser,
i granskogen diger og dryg,
og vent mellom mose og lyng han seg ter
Han står der så liten og blyg.

Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøymd
der skuggane tyngja deg må ?
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd,
til ringaste blom vil han sjå.

Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,
der folk kunne skoda på deg?
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,
eg føddest til skogblome, eg.

Ein dag vil den stormande vinter deg nå,
då vert det vel dødsdagen din.
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,
til vårsola kysser mitt kinn.

Eit bod frå min Herre du blome meg ber:
om einsleg eg vert på min veg,
så veit eg at Herren vil vera meg nær,
Gud Fader, han vernar òg meg.

Om enn eg er liten, har Herren meg kjær,
med honom eg kjenner meg sæl.
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber,
med bøna eg sovnar kvar kveld.

*Les eller syng alle 9 versa i Norsk salmebok nr. 492.*
*Tekst: Johan Alfred Blomberg. Mel: Bjørn Eidsvåg*

# Geir Arve slutter av



**Ingen kjenner orgelkrakker, pianokrakker og tangentene i kirkene i Strand og Jørpeland bedre enn Geir Arve Helvig. Gjennom 38 år har han spilt til gudstjenester, begravelser og vielser, i tillegg til utallige møter i kirker og bedehus.**

Tekst og foto: Martin Ivar Arnesen

Han kunne blitt konsertpianist, men valgte å bli organist og arbeide i kirken. Gjennom sine toner har han satt lyd til hverdag og fest, sorg og fortvilelse. Og mange i Strand har fått et forhold til Geir Arve og musikken hans.

Geir Arve kommer fra Jørpeland. Han fikk tidlig interesse for musikk, og gode forbilder var far og bror. Fra han var 9 år gammel fikk han privat undervisning. Men allerede etter ett år begynte han sine ukentlige reiser til Stavanger som elev ved Musikkonservatoriet.

Årene 1978-80 gikk han på musikkhøyskolen i Oslo og tok diplomeksamen. Etter dette fant han ut at han ikke ville drive med konsertvirksomhet, og da han reiste tilbake til Stavanger, begynte han på musikkkonservatoriet i Bjergsted med orgel som fag.

«Jeg fikk interesse for orgel i tillegg til piano, og tenkte at dette kunne være en bedre levevei».

I 1983 ble han så ansatt som organist i Strand. De første åra som vikar, og fra 1985 fast ansatt. Geir Arve forteller at den første tida ble det lange dager og seine kvelder med øving i Jørpeland kirke. Han forteller at den første tida var han nok usikker på om dette ville være veien å gå.

**JØRPELAND UNGDOMSKOR**

Helt fra starten var han med som pianist i Jørpeland ungdomskor. Da måtte han lære å spille etter besifring. Tida i ungdomskoret fikk bety mye for Geir Arve og forme han både som musiker og som kristen. Det var ei tid med mye ungdomsarbeid, og de reiste endel rundt på turneer. De hadde eget band og arrangerte en del av musikken selv.

**ORGELET I STRAND**

«Det var så som så med det gamle orgelet i Strand» forteller Geir Arve. «Jeg måtte møte i kirka tidlig for å sjekke at alt virka. Når tangentene ikke fungerte, måtte vi være kreative for å få det til å virke. Redskapene kunne være både tråd og stein. Men heldigvis fikk vi nytt orgel i 1988».

**NYE TIDER OG TEAMARBEID**

Adolf Nielsen var prest i Strand, og på den tida var det presten som bestemte salmer og gav organisten en håndskrevet lapp et par dager før gudstjenesten. Etter hvert har planlegging og gjennomføring av gudstjenester blitt et team- og lagarbeid. Salmesang og utvalg har også endret seg. Nyere lovsang er tatt i bruk. De første årene ble det brukt overhead og lysark, og seinere pc og projektor. Tidligere var klokkeren på papiret kirkesanger, men nå er den frivillige forsangertjenesten en viktig del av gudstjenestelivet. Det er også flott å bruke solister. Tidligere var det kun orgel, men nå er det mer piano og ofte også andre instrumenter.

Geir Arve opplever den utviklingen som har skjedd, som positiv både for hans og menighetens del. Nå blir det mer liv, frivillighet og deltaking. Og for han som organist har det endret seg fra det å bare være en utøvende musiker til det å lede og organisere det kirkemusikalske.

«Jeg har aldri tenkt på om jeg skulle gjøre noe annet enn å være organist» sier Geir Arve. «Det har vært meningsfullt!» Orgel og piano er instrumenter han behersker godt. «Men det er fortsatt pianoet som er mitt instrument».

**SØR-KOREA**

Geir Arve husker Randi Anita fra den tid hun stod og delte ut salmebøker i Strand kirke. Seinere skulle de bli bedre kjent med hverandre da de begge var med i NMS - ungdomskor i Stavanger. Da ble det ferjeturer fram og tilbake over fjorden og god tid for drøs og prat. Med Randi Anitas koreanske røtter og 4 adoptivbarn fra Korea, har landet fått en spesiell betydning også for Geir Arve. I 2001 hadde han et års permisjon for å ta et friår i Korea. Dette var et viktig år for Geir Arve og familien.

**EN LIVSSTIL**

Geir Arve har vært med på mange flotte og store opplevelser som organist. «Det har vært veldig kjekt å bli med og ta Tau nye kirka i bruk! Å være organist har vært en livsstil. Noen ganger har det vært utfordrende å gå på arbeid nesten hver helg og alle høytider når alle andre har fri. Det har ikke alltid vært lett i forhold til det å ha et familieliv. Men som pensjonist kan jeg komme og gå når jeg vil og bare være frivillig!»

«Nå er jeg også glad for at jeg fortsatt kan beholde nøklene slik at jeg kan øve og spille når jeg vil både i Strand kirke og i Tau kirke», sier Geir Arve.

Geir Arve forteller at han har hatt et innholdsrikt og meningsfullt yrkesliv. Han har trivdes godt og fått bruke seg selv og sine musikalske talenter.

31. juli er hans siste arbeidsdag etter 38 år. Før det skal han ha ferie, og ser fram til å reise med familien til Israel.

# Frivillige i kyrkja 2022




**Gjennom året 2022 skal heile nasjonen fokusera på det frivillige arbeidet. Det har nokre kloke menneske bestemt – og takk for det! For kva hadde landet vårt vore utan alle dei hundretusenvis av menneske i alle aldrar, med ulike interesser og yrke, som på ein eller annan måte gir av si fritid for at nabolaget, bygda, kommunen eller landet skal bli ein god plass å veksa opp, leva og bu i?**

Tekst: Olav Frantzen

**Kyrkja i Norge** er sjølvsagt også ein del av frivillig-året 2022. Kyrkja er ein stor organisasjon med om lag 5000 tilsette, og omtrent 75000 frivillige medarbeidarar. Kyrkja er altså heilt avhengig av dei frivillige for å utføra oppdraget, som er å nå ut til alle med den kristne bodskapen, døypa dei og læra dei. Og ingen har fått eit større løfte enn alle dei som deltek i denne dugnaden. Jesus sa: Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står (Matt 28,20).

Stavanger bispedømme har laga eit arbeidshefte til bruk i sokneråd, stabar og andre grupper i kyrkjelydane. Her er det stilt mange gode spørsmål – og me finn og nokre nokre «visdomsord». Eit par døme:

- ✓ Det kan være lett å tenke at det er best å slippe å bli spurt om frivillige oppgaver. En annen måte å tenke på, er å se hvor verdifullt det oppleves å være med å bidra.
- ✓ Fellesskapet blant oss som får være med å drive kirkens mangfoldige arbeid, er kanskje det mest verdifulle vi har.

Kan me sjå for oss ei gudsteneste i 2022 utan frivillige som deltek? Eller er det mogeleg å oppfylla plan om trusopplæring utan frivillige? Kan kyrkja sitt diakoniarbeid drivast utan frivillige, og tenk om organisten eller kyrkjemusikaren ikkje fekk med seg frivillige musikarar og songarar? Heldigvis er det ingenting som tyder på at dei frivillige held på å trekka seg tilbake, eller at det er umogeleg å rekruttera nye.

Difor: Takk til alle som gjer ein frivillig innsats. Det du gjer er uvurderleg! Oppfordringa til kvart sokneråd må vera: Set pris på dei som seier ja til å vera frivillige, og arranger gjerne ein årleg fest for dei.

-----

I Forsand, Strand og Hjelmeland er det mange frivillige i kyrkja.
Me har snakka litt med sju av dei:



*Gunnar i full sving under 17.mai-gudstenesta*

## Gunnar Vika

Altmulig-mann. Det er ein enkel og grei karakteristikk av Gunnar Vika. Han og kona kom flyttande frå Sauda til Årdal for ein del år sidan. Dei hadde overtatt barndomsheimen til kona Åse Bjørg, og dei engasjerte seg begge ganske straks som frivillige medarbeidarar i Årdal kyrkje.
Gunnar er pensjonert elektrikar og har jobba i kraftverkbransjen det meste av sitt yrkesaktive liv. Han er lett å be når noko skal gjerast i og utanfor kyrkja. Av faste oppgåver han har eller har hatt, er å vera kyrkjevert og å styra med lyd og projektoren på gudstenester.

**- Kvifor er du frivillig i kyrkja, Gunnar?**
- Kyrkja treng folk, og folk treng kyrkja. Nokon må gjera dei praktiske oppgåvene. Denne oppgåva eg har, passar for meg.

**- Kva gir det deg å vera frivillig?**
- Eg får ei kjensle av å vera eit tannhjul i maskineriet, og dessutan ei glede av fellesskapet.





*Katrine Stangelo*

## Katrine Stangelo

Den engasjerte tobarnsmora Katrine Stangelo er frå Fister. For nokre år sidan vart ho leda til å ta nettbaserte bibelstudier i Sør-Afrika. Saman med mannen Greg har ho ein inkluderande, åpen og varm heim, der mange finn vegen for gode samtalar.
Katrine er frivillig medliturg, og i Fister kyrkje betyr det at ho deltek aktivt i gudstenesta som tekstlesar og nattverdmedhjelpar, og elles det som presten og ho vert einige om før gudstensta.

**- Kvifor er du frivillig i kyrkja?**
- Eg blei bedt om å vera medliturg i Fister kyrkje. Som ny i trua, så måtte eg høfleg spørje kva dette var, for kyrkjelivet og tru i praksis har vore heilt ukjent for meg. Eg spurte Gud litt perpleks om dette var ein del av planen, og blei utfordra på ei frykt for framføring som eg har bore på lenge.

Viss Han vil, så vil eg. Den avgjerande faktoren var likevel Anne Tove i soknerådet som ringte og spurde. Eg kjende at ho høyrde meg som menneske og ga meg tillit utan å ha vurdert meg nøye på forhånd. Tusen takk!

**- Kva gir det deg å vera ein frivillig medarbeidar?**
- Først og fremst handlar det om lydigheit for meg. Viss Gud meiner eg skal denne vegen, så går eg. Når eg har gjort det, har eg blitt gledeleg overraska og forbløffa. Til no har eg kvitta meg med årevis av sceneskrekk, fått lært meir om kva gudstenesta faktisk er, og eg stiller spørsmål - masse spørsmål. Ein ting er skråsikkert: Guds ord er sanne, og eg gler meg til å sjå kva som vil skje i Hjelmeland framover!



*Guro Bergsager*



*Karita Nordahl Idsø*

## Guro Bergsager og Karita Nordahl Idsø

Vi har spurt to ungdommer om det å være frivillig i Jørpeland menighet. Guro er 16 år og Karita 19. Begge er frivillige konfirmantledere i Jørpeland menighet. Det er flott at ungdommer engasjerer seg i dette viktige arbeidet.

Vi stiller to spørsmål til jentene:
**1) Hvorfor er du frivillig i kirka?**
**2) Hva gir det deg å være frivillig?**

**Guro sier:** Jeg er med som frivillig siden jeg synes det er viktig å bidra til frivilligheten, og fordi jeg synes det er kjekt å være med som konfirmantleder.

Jeg vil være med å bidra til at konfirmanttiden blir en bra tid for konfirmantene.

**Karita svarer:** Jeg har vært med som konfirmantleder siden jeg selv var konfirmant i 2018. Jeg er frivillig i kirken fordi jeg synes det er en fin ting å bidra med. Konfirmasjonstiden er noe man husker livet ut, så det er viktig at man har frivillige som har lyst å bidra til at det blir en fin feiring.

Jeg får bli kjent med ungdommene på Jørpeland og jeg får være med på mye kjekt!



## Liv Laugaland

Liv er 64 år, opprinneleg frå Vadheim i Sogn, men busett i Vormedalen sidan 1979. Gift med Børge, og dei har ein stor familie med 6 barn og 11 barnebarn. Ho har jobba i skule og barnehage, og i alle år vore engasjert i kristent barnearbeid, dei siste åra mellom anna som frivillig i dåpsskulen på Hjelmeland.

**- Kvifor er du frivillig i kyrkja ?**
- Det heile starta i 1979. Då gjekk eg på NMS sin bibelskule i Stjørdal. Der vart me utplasserte i ulike former for kristent arbeid, både i kyrkja og i organisasjonar.
Då eg var ferdig der, vart eg straks spurt om å vera med på søndagsskule, barneforeining og Yngres i Vormedalen. Eg var og med i konfirmantarbeidet, og etter kvart og medlem i Hjelmeland sokneråd.
For meg er Kyrkja det store fellesskapet som skulle omfatte alle, og så kjem organisasjonsarbeidet inn under det. Og det viktigaste har vore dåpsopplæringa; At born (og vaksne) får læra å kjenna Jesus og koma til tru på han. Før var dette ein viktig del av opplæringa i skule og barnehage.
No når det er nesten fråverande der, har me ikkje nok ressursar blant tilsette til at dei kan klara å oppfylle trusopplæringsplanen. Difor er frivillig arbeid nødvendig. Foreldre ber borna til dåp og lovar å oppseda dei i kristen forsaking og tru. Denne oppsedinga skal me i kyrkja hjelpa dei med.

**- Kva gir det deg å vera frivillig medarbeidar?**
Eg veit ikkje om det er så stor forskjell på å vera frivillig eller betalt arbeidar. Det viktigaste er å vera med og spreia Guds ord. Det er den gode bodskapen for meg som eg ynskjer å dela med andre.
Mange gonger har eg sytt på førehand når eg trøytt og sliten skulle ut på noko, men så har eg alltid kome velsigna heim att. Spesielt det å få arbeida med born er berre glede.



## Rebekka Haukalid

Rebekka bur på Forsand og er konfirmant i år, men har allereie god erfaring som medarbeidar på gudstenesta. No er ho med som teknikar og som hjelpeleiar i Awanagruppe (søndagsskule).

Som teknikar styrer ho projektor og lyd. I Awanagruppa «Sparks», er ho med som hjelpeleiar for dei som går i 1.-4 klasse.

Rebekka seier at ho blei med i desse oppgåvene for det høyrdest gøy ut, og for ho tykkjer det er kjekt å vera til hjelp. Ho trivest med oppgåvene og tykkjer det er kjekt å vera ein del av eit fellesskap.

## Mariann Aslaksen

Mariann er fra Sola, bor på Tau med mann, fire barn og hund. Til daglig er hun lærer på Tau skole. Mariann er glad i sang og musikk og har tatt på seg den viktige oppgaven å være leder og dirigent for Tau barnegospel.

**- Hvorfor er du frivillig i kirka?**
- Jeg synes det er utrolig viktig at det finnes gode og kjekke tilbud for barn



og unge, og at vi kan bruke kirkerommet til dette!
Jeg er veldig glad i sang og musikk og da er det kjekt å kunne være med å bidra på den fronten! Derfor har jeg valgt å være frivillig!

**- Hva gir det deg å være frivillig medarbeider**
- Jeg synes det er utrolig viktig at det finnes gode og kjekke tilbud for barn og unge, og at vi kan bruke kirkerommet til dette! Det gir meg påfyll å se at rundt 30-35 barn kommer til øvelse annenhver tirsdag!
Det er gøy å kunne samle så mange sangglade barn, først til øvelse for deretter å avslutte med god kveldsmat og lek!
Det er en gruppe med foreldre som deler på å lage kveldsmaten!
Smil, latter, sang og lek gir meg mye!!!





# En stor flamme starter med en liten gnist

**2.- 9. juli arrangerer Norges KFUK- KFUM- speidere landsleir, og i år er det Rogaland og Forsand som stiller med leirsted. Det kommer nesten 4000 peidere og ledere på landsleiren. Leiren har fått navnet Gnist 2022.**

Tekst: Solveig Leikvoll
Foto: Lars Røraas

Dere som bor i nærheten, er hjertelig velkommen på besøk. Dere vil se at på få dager vil det reise seg en hel «landsby» med telt, sykestue, matutlevering, scene, doer, veier og vann. Dere vil kjenne lukta av bålrøyk til matlaging, og langs veiene vil det vandre grønnkledde speidere med sekk på ryggen. På butikken dukker det opp folk med ulike dialekter og språk, og når det hele er slutt, er det eneste som står igjen: ingenting og takk! Hele «landsbyen» med utstyr og folk er borte, alt skal være ryddig og rent. Og vi sier TAKK for lånet av mark, bygninger og veier, og for at Forsand tok godt imot speiderne!

**LOKALBEFOLKNINGEN ER SÆRLIG INVITERT TIL:**

**Torsdag 7. juli** kl. 19.00 er det nattverdgudstjeneste for hele leiren fra hovedscenen..

**Fredag 8. juli** er globaldag!
Denne dagen handler om å forstå urettferdighetene i verden, og lære hva vi kan gjøre med det. Vi skal rett og slett tenne gnisten for globalt engasjement gjennom globalmarked og globalløp. Markedet og løp starter kl 12.00 og globalløpet starter kl 15.00.
Leiren har sin egen «leirkirke», og denne er åpen for besøk og en prat hele dagen.

**Det finnes mer informasjon om Gnist 2022 på facebook!**

# Det nye folkeevangeliet og Haugearven

**Dei fleste av oss møtte forteljingane om Gud og Jesus gjentekne gonger i skulestova; oppsummerte under etiketten «Den litle bibel», lydande slik: «For så elska Gud verda at han ga sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal verte fortapt, men ha evig liv» (Joh. 3,16).**

Tekst: Jone Kvame
Illustrasjonsfoto: Pixaba

## NØKKELEN ER TRU

Det var venlege, tillitsvekkjande og inkluderande ord inn i eit ope og mottakeleg barnesinn. Opplevd som det skulle vere; oppseding og opplæring i harmoni med skaparordninga: «Gud, du har skapt oss til deg» (Augustin).

«Nøkkelen» er tru, og i hjarta ta i mot Jesus Kristus; i dåpen ved Den heilage Ande for dei ennå ikkje bevisste (barnedåpen); for den bevisst medvitne som ved Ordet vert kalla til syndserkjenning, invitert til tilgjeving, og i tru kan motta nåde og frelse i Jesus Kristus. «Trusgevinsten» er saliggjering og evig liv i himmelen hjå Gud i motsetning til å gå fortapt. Dette er Guds urokkelege ord til evig tid! Verken konservativt eller liberalt, gammaldags eller modernistisk!

## EIT NYTT FOLKEEVANGELIUM?

Det eksistensielle spørsmålet er: Vert dette Gudsordet målbore klart og tydeleg og utan omsvøp i skrift og tale i dag? Korleis står det til med bodskapen om synd og nåde, frelse og evig liv, alternativt fortaping; frå våre andaktshaldarar, frå preikestolen i kyrkja, frå talarstolen på bedehuset, eller frå spaltistane i våre media?

Eg trur at mange observerande og bibeltru søkjande sjeler er både vonbrotne og resignerte. Tendensen tykkjest klar: I mange høve vert evangeliet amputert til ordet om «ein kjærleg Gud».

I Stavanger Aftenblad stod det i fjor haust følgjande å lese: «Gud elsker oss ikke fordi vi fortjener det, men fordi vi trenger det. Gud er kjærlighet og kan ikke annet. Vi dømmes på den siste dag. Vår Far dømmer oss til evig liv. Dette er Guds befaling og gjelder også dem som avviser Jesus. Gud kan ikke annet. Han er kjærlighet og evig liv.» (Kian Reme)

Er dette opptakten til eit nytt folkeevangelium?

## ARVEN ETTER HANS NILSEN HAUGE

For 226 år sidan, på eit forkrøpla og forderva tilstandsnivå i vårt land, oppsøkte Gud vårt folk på ein ekstremt konsekvensførande måte. Den 5. april 1796 fekk Hans Nielsen Hauge, med handa på plogen, kallet og ordren frå Gud: Du skal «bekjenne Guds navn for menneskene - røre ved deres hjerter så de kan bli omvendt fra mørkret til lyset.» Løftet var: Jeg skal gi deg kraft og visdom». Hauge gjekk lydig: «Mitt kallsbrev er å elske Gud og min Næste. - Jeg har svoret Guds ånd lydighet».

Med denne utrustninga kom Hauge til å virke med slik glød, energi, kraft og appell at den folkerørsla han stelte i stand i nasjonen, ikkje kan samanliknast med noko, verken før eller seinare! Vårt folk vart åndeleg, materielt og sosialt frigjort. Kristenliv, misjonsgjerning, næringsliv og samfunnsliv vart vitalisert og nyskapt.

Etter berre 6 år i «fridom», var Hauge sitt virke over. 24. oktober 1804 vart han ført i arrest og jern til Hokksund, og den 22. november same år innsett i Kristiania fengsel under tilhøve endåtil uakseptable for dyr. Den norske åndselite, geistlege og forvaltarar av embete, tillit, visdom og mynde, hadde fått sin vilje. Biskop Hansens avsluttande skremselsrapport, kor han innstilte «til det høye kollegium på hvilken måte det måtte finne tjenligst å stanse et onde som vil ha et ellers elskverdig folks både fysiske og moralske fordervelse til sørgelig følge,» var høyrt og etterrtrykkeleg teken til følgje.

Historia om Hans Nielsen Hauge er også vitnemål om vårt folks største udåd!

Seinare uttalte den kristendoms-negative Alexander Kielland: "Himmelens Gud satte et avtrykk i denne nordmannens sjel så kraftfullt at sporene har satt sitt varige preg på norsk kristenhet og samfunn i alle årene siden. Vi har ikke hatt noen større enn ham. Det er på tide det går opp for oss". (Frå Alv Magnus: "Hans Nielsen Hauge. Mannen som forandret Norge.")

## SPØRSMÅLET TIL OSS I 2022

Korleis - eller på kva måte kan Haugearven i sekulariseringa og fråfallet sin tidsalder, inspirere og utfordre til vekst i Guds rike blant oss?

Kanskje det er grunn til å byrje med ein «læresynode» i kvart prosti kor alle geistlege og kalte lekfolk set seg saman og stiller spørsmålet: Korleis står det til med vår forkynning? Vert Bibelens ord forkynt fullt og heilt som grunnlag for syndserkjenning, kall til omvending og i nåde motta frelse, saliggjering og evig liv?

Er vår livsførsel, i måten vi er og lever på overfor kvarandre; inviterande og inkluderande eller ignorerande og segregerande? Slike drøftingar vil kunne vere fruktbare for ajourføring, vedlikehald og fornying.

**«For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal verte fortapt, men ha evig liv.» Det eksistensielle spørsmålet er: Vert dette Gudsordet målbore klart og tydeleg og utan omsvøp i skrift og tale i dag?**

*Jone K. Kvame er kjent for mange som tidlegare skule-og barnehagesjef i Hjelmeland, kommunepolitikar, debattant og skribent av mange lesarinnlegg. Her har han fått ordet i Preikestolen for å dela nokre av sine tankar om grunnlagt for si kristne tru. Bakteppet er dei kjende orda i Johannes 3,16 og arven etter Hans Nilsen Hauge – og eit kritisk blikk på deler av forkynninga i vår tid.*



# Altertavlen i Strand kirke

**Av alle skatter i Strand kirke er kanskje altertavlen den største. Dens eksklusivitet, autensitet og størrelse gjør den til et flott skue. Den går for å være blant de største i Rogaland.**

Tekst og foto: Snorre Walde

Altertavlen er laget av snekker Lauritz Christoffersen (Lauritz Snekker), mens tyskeren Gottfried Hendtzschel stod for malerarbeidet. Hendtzschel kom til Stavanger rundt 1620 og utførte mange kunstneriske verk i kirkene i Stavangerområdet i perioden 1625-1656, deriblant altertavlen, prekestolen og galleri brystet (pulpituret)i Strand kirke. Denne perioden blir senere omtalt som «Stavanger-renessansen».

Altertavlen ble ferdig i 1626, men ble modernisert og endret i 1631. Det kan tenkes at altertavlen i Strand kirke var Hendtzschel første arbeid i Stavanger regionen.

Årsaken til at den ble modernisert i 1631 skyldes en kunstnerisk mote endring der pilastrene ble byttet ut med søyler. Pilaster er firkantede stolper. Alt arbeid etter 1630 skulle ha søyler på altertavler, prekestoler, galleribryst, bispestoler, etc. Man kan saktens lure på hvorfor man gjorde denne inngripen på en så ny altertavle, men kunsthistoriker Robert Kloster mener at Stavanger-renessansens posisjon var så sterk i distriktet og Norge for øvrig at Christoffersen ikke hadde noe valg. Det var uansett bare snakk om 6 søyler. Om man studerer altertavlen nøye kan vi fortsatt se spor av dette arbeidet for ufattelige 400 år siden.

Altertavlen ble skjenket til Strand kirke av den danske adelsmann og lensherre Henrik Bille og hans hustru og forfatter Elisabeth Brisch. Bille var lensherre i Stavanger i fra 1621 til 1634. Deres våpenskjold er malt øverst på altertavlen i to små trekantede felter.

Altertavlen har 4 malerier, i midten har Hendtzschel malt Nattverden hvor vi ser Jesus med de 12 disipler der flere av disiplene er fremtredende, som Johannes ved Jesus' bryst og Judas med sølvpengene i en pung. På de to sideflatene er Moses til høyre med lovtavlene, mens Jesus er avbildet til venstre. Det øverste bildet viser Oppstandelsen hvor Jesus inntar den den seirende og lysende stilling, mens soldat-vakten faller reddslagen til jorden.

I ca 250 år hang den i kirken på Strand før den ble tatt ned for å overføres til den nye kirken i 1874. Det hører med



til historien at kirken ble demontert og solgt i deler til Høgsfjord og Frafjord for 260 spesidaler.

Men altertavlen, prekestolen, samt pulpituret ble ikke med i salget i oktober 1874.

Da den nye kirken skulle utsmykkes var det nemlig ikke altertavlen som fikk plass i koret. Et glassmaleri fra Aachen i Tyskland ble bestilt og satt opp en måned før kirken åpnet i november i 1874. Glassmaleriet ble et spleiselag fra blant annet bestyrer Hemsen på Tou, lensmann Foss og sokneprest Lied. Kommunen bidro med 50 spd, og totalt sett kom hele regningen på 160 spd. Glassmaleriet henger i dag foran det fremste vinduet på nordsiden i skipet.

Altertavlen ble ikke montert i den nye kirken før på 1920-tallet. Utrolig nok ble den stuet vekk på loftet i kirken. Riksantikvar Harry Fett kom fra Oslo i 1916 for å se på altertavlen og hva som måtte gjøres. Verden og til dels Norge var midt i en krig og krisetid og arbeidet med restaureringen av altertavlen kunne ikke prioriteres. Først ved kirkens 50 års jubileum i 1924 ble saken tatt opp på nytt i Menighetsrådet. Et enstemmig råd gikk inn for å søke midler for bevaring og restaurering. Og i 1927 kom finansieringen på plass, og ved gudstjenesten til Stensaker søndag 28 oktober i 1928 kunne han offisielt vise menigheten en fullt restaurert altertavle.

Altertavlen ble kalket hvit i 1850 årene og kunstmaler og konservator Ulrik Hendriksen ble hentet fra Oslo for å få altertavlen tilbake i sin fordums storhet.

Fra 1928 og fram til i dag kan jeg bare se at altertavlen er restaurert en gang og det er i flg Riksantikvaren i 1970. Da ble selve maleri stykkene demontert og sendt til Hamar for restaurering, slik at de kom tilbake i tide til kirkens 100 års jubileum i 1974, for den nette sum av 5500 kr.

Etter samtale med malerikonservator Anne Ytterdal ved Arkeologisk museum (UiS) er det planlagt en befaring til Strand kirke enten i høst eller neste vår for å se på tilstanden til altertavlen.

Når du neste gang besøker Strand kirke bør du unne deg noen minutter til en stilstudie av vår vakre og unike altertavle som i løpet av noen få år fyller 400 år!



”*Altertavlen ble kalket hvit i 1850 årene og kunstmaler og konservator Ulrik Hendriksen ble hentet fra Oslo for å få altertavlen tilbake i sin fordums storhet.*”





# Temakveldar med låg terskel

**Preikestolen treff Asle Krogevoll og Åse Hultin Stople i den nye kyrkja på Tau. Dei er to av initiativtakarane til å starte opp igjen Aktivklubben i Tau kyrkje. Men kva er Aktivklubben?**

Aktivklubben blei starta så langt tilbake som i 2007 fordi det var eit ønske om ein dataklubb for godt vaksne. Dette utvikla seg til eit ønskje om ein klubb med fleire aktivitetar, ein møteplass med låg terskel. Ei styringsgruppe blei oppretta med Ragnhild og Jakob Langvik, Lise og Harald Enne og Karin og Svein Dahle. Gjennom åra har fleire andre også vore med og gjort ein innsats i styringsgruppa.

Det er ført protokoll over møta frå 2007-2019, med oversikt over alle tema - alt frå «Mosjon og helse», «Slektsgransking» og «Lokalbåtar» til f. eks. «Kyrkja – til glede og bekymring» og «Jelsapresten». Her var det noko for ein kvar smak – og gjennom alle desse åra blei det om lag 100 møte.

Så kom pandemien i 2020 og då blei det stopp. Etter månader og år med restriksjonar blei styringsgruppa einige om å avslutte Aktivklubben.

